

Allemannsretten

Ein viktig del av kulturarven vår er å være ute i naturen. Vi har frå gammalt av hatt rett til å ferdest i skog og mark – etter elvene, på innsjøer og i skjærgården – og til fjells uavhengig av kven som eig grunnen.

Allemannsretten gjeld i utmark og inneber at du og har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lukke grinder etter deg og vis omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen i tiden 1.1 – 20.8. Ver og varsam med eld– hugs at du ikkje kan tenne bål i nærleiken av skogsmark i tida 15.4 – 15.9. Dersom du lager bål i strandkanten – ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk. Med telt kan du fritt overnatte same stad i utmark inntil 2 døgn i låglandet, utan å spørje grunneigar. Men hugs at du aldri skal sette opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk. Ver nøye med å rydde når du dreg.



*Ervikane er perfekt for dagstur med klassen.
Foto: BOF*

Bergen og Omland Friluftsråd

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som forvaltar nærare 200 friluftsområder i Bergen og omlandskommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Tysnes, Samnanger, Sund, Vaksdal, Radøy og Øygarden. Medlemskommunane har eit samla folketal på omlag 328.000. BOF har 9 fast tilsette. BOF si hovudoppgåve er i samarbeid med medlemskommunene,

offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområder av forskjellig slag til allment bruk, samt å arbeide for større forståing for friluftslivets verdi, betre friluftskultur og utbreiing av friluftslivet. Brosjyrer som viser friluftsområda og dei ein skilde utleigehusa m.m. kan tingjast hjå Friluftsrådet.

Er du interessert i å vite mer kan du kontakte:

Bergen og Omland Friluftsråd
Hellebakken 45, 5039 Bergen
Tlf. 55 39 29 50, faks. 55 39 29 59
Nettsider: www.bof.no



Os kommune Ervikane og Oksabåsen Friluftsområder



BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD



Velkommen til Ervikane og Oksabåsen !

Friluftsliv

Mange meiner at friluftsområda på Strøno og Forstrøno i Os er dei finaste i heile Hordaland. Spesielt Ervikane vest for Strøno er vidkjent for dei mange lune og barnevenlege badevikene. Ervikane er eit viktig regionalt friluftsområde der alt ligg til rette for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar. Her kan ein gå tur, bada, dykka, fiska i sjøen, leggja til med båt og slå opp telt. Ervikane er eit godt utgangspunkt for fotturar. Ein tur på den gamle ferdseisvegen frå Langetangen sør i Ervikane til Sørstrøno, Nordstrøno og tilbake til Ervikane tar omlag 1 1/2 time. Elles er her stier og skogsvegar.

Natur

Skogen i Ervikane hørde inn under Lysekloster i eldre tid. I dag er heile 740 dekar sikra til friluftsføremål. Bergen og Omland Friluftsråd forvaltar strandområdet. Furu-skog - med litt lauvskog attåt - pregar den delen av Ervikane som er mest aktivt i bruk som friluftsområde. Innafor strandområdet, i det området der Statskog forvaltar skogen, er det og mykje gran. Elles finn ein einer, lyng og den vanlege vestnorske strandfloeraen. I Ervikane fins mellom anna hjort og skogsfugl.

Spor frå eldre tider

I Ervikane finn vi spor både frå nær og fjern fortid. I mellomkrigstida vart det frakta jord frå ei moldmyr sør i Ervikane til den eigedomen som no er Kongshaug Folkehøgskule på Lepsøy. Kongshaug var den gongen sumarbustad for velstående Bergensfamiliar. Jorda vart frakta med hest og kjerre ut på Langetangen og lasta ombord i båt. Kjerrevegen på Langetangen er

i dag ein fin turveg. I Ervikane finn vi og to gravrøyser som kan vera frå bronsealder (1500-500 f. kr.). Ved foten av Øklandsåsen ligg "Røvarhola" der det ein gong vart funne restar av ein mann som ein trur levde omlag 500 e. kr. Soga seier at det var ein fredlaus som freista gøyma seg her.

Tilrettelegging

Ervikane er lagt til rette med gangstier, parkeringsplass, toalett, avfallskontainer, kai, fortøyningsboltar, vannpumpe og informasjonstavler. Frå parkeringsplassen må ein gå omlag 600 meter på gangveg gjennom skogen. Ein vegbom hindrar bilar i å kjøyra inn i området.

Gangvegen går vidare langs stranda. Fjørene er naturlege strandfjører som ligg slik dei er skapt frå naturen si side. Vegane er eigna for rørslemma. Gangbru over til Vetle Hestholmen, som er ein populær plass for stangfiske. Toalettbygget er dredobbelt, den eine delen er tilpassa rullestolbrukarar. Området har baderampe for funksjonshemma.

